

## **VEDTAK NR 65/15 I TVISTELØYSINGSNEMNDA**

**Tvisteløysingsnemnda heldt møte 15. oktober 2015.**

Ved behandling av saka var tvisteløysingsnemnda satt saman slik:

### **Faste medlemmar**

Anne Marie Due (vara for Henning Harborg), leiar  
Lornts Nagelhus (vara for Silje Hassellund Solberg), LO  
Silje Stadheim Almestrand (vara for Elisabeth Lea Strøm), NHO

### **Særskilde oppnemnde medlemmar**

Ingrid Tordis Enoksen, NSF  
Cecilie R. Sæther, KS

### **Saka gjeld**

Tvist om fritak frå nattarbeid etter arbeidsmiljølova § 10-2 (2)

### **Arbeidstakar**

A

### **Arbeidsgivar**

B

## **Det vart treffe slikt vedtak:**

### **Saksframstilling**

A er tilsett i ei stilling på 50 prosent som sjukepleiar ved X i B. Ho har hatt fritak frå nattevakter sidan 2006.

B informerte i mars 2015 om at dei ville seie opp alle særavtaler med individuelle arbeidstidsordningar (tilrettelegging, fritak frå nattarbeid, fleksible arbeidstidsordningar etc.). Dei som ynskte det vart bedt om å fremme ny søknad.

A søkte om fortsatt fritak frå nattevakter i brev av 7. juni 2015. Ho la ved legeerklæring som tilrår at ho ikkje jobbar natt enno etter ein periode med sjukdom. Ho fekk avslag på søknaden i brev av 23. juni 2015. Grunngevinga for avslaget var «hensynet til 3-delt turnus som prinsipp for driften av enheten, samt ønsket om å fordele ulempene mest mulig likt».

Saka vart brakt inn for tvisteløysingsnemnda ved e-post av 20. juli 2015.

I nyoppretta grunnturnus har ikkje arbeidstakarar i 50 prosent stilling nattevaktar. A har difor ikkje nattevaktar i sin noverande turnus.

Overfor nemnda har begge partane fått kome med ytterlegare opplysingar og grunngevingar i saka.

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidstakar:

- e-post av 20. juli 2015
- brev av 18. august 2015 med vedlegg
- brev av 17. september 2015

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidsgivar:

- brev av 28. august 2015 med vedlegg

### **Utsegn frå arbeidstakar**

A er nøgd med at ho ikkje har nattevaktar i noverande turnus, men ynskjer ei avtale om at ho ikkje skal ha nattevaktar i eitt år framover, fordi ho dei siste åra har gått i fleire ulike turnusar. Ho meiner ikkje dette vil vere til vesentleg ulempe for arbeidsgivar.

### **Utsegn frå arbeidsgivar**

B opprettheld sitt avslag på søknaden. Dei framheld at ein turnus alltid kan endrast til fordel eller ulempe for dei tilsette, og at A kanskje må ha nattevakter dersom den blir endra. Ho må og rekne med nattevakter dersom ho skulle få utvida stilling.

Nattevaktene må fordelast rettferdig på alle arbeidstakarane. Dei må og sikre rett kompetanse til rett tid, og bemanninga er under vurdering for augeblikket.

### **Tvisteløysingsnemndas merknader**

Arbeidsmiljølova § 10-13 fastset at tvisteløysingsnemnda avgjer tvist om fritak frå nattarbeid. Arbeidsmiljølova § 10-2 (2) fastset ein rett til fritak frå nattarbeid for arbeidstakarar som «regelmessig arbeider om natten», dersom arbeidstakar har behov for det og dette kan gjennomførast utan vesentleg ulempe for verksemda. Regelen gjeld generelt fritak frå verksemda si arbeidstidsordning, ikkje sporadiske unntak.

«Hva som kan sies å være regelmessig må vurderes konkret. Hvor ofte arbeidstaker arbeider om natten vil være et moment i ulempevurderingen. Det må normalt kreves at det er tale om flere netter i måneden», jf. Ot. prp. 49 (2004-2005) kapittel 25 s. 315 flg.. A har i noverande turnus ingen nattevaktar.

Etter arbeidsmiljølova § 17-2 er det berre *tvistar* som nemnd i § 10-13 som kan bringes inn for tvisteløysingsnemnda for avgjerd. For at det skal vere ein tvist som omtala i føresegna, må arbeidstakar ha eit reelt behov for å få avgjort kravet. Om det ligg føre eit reelt behov, må ein avgjere ut i frå ei samla vurdering av aktualiteten til kravet og kva for ein tilknytning partane har til det – jf. tvistelova § 1-3 og forvaltningslova § 28. Føresegnene inneheld generelle vilkår for klage- og domstolsbehandling, som i utgangspunktet og må gjelde her.

Arbeidstakar krev fritak frå eventuelt nattarbeid det neste året, men har for tida ei stilling som etter arbeidsplanen ikkje inneheld nattarbeid. Så langt nemnda kan sjå ligg det heller ikkje føre planar om at ho skal over på ei anna skiftordning det næraste året. Slik saka er opplyst, er nemnda difor av den oppfatning at A sitt krav ikkje har den aktualiteten som er naudsynt.

Når nemnda ikkje har kunnskap om kor mange nattevaktar det eventuelt kan bli tale om, vil det og vere umogleg å vurdere om vilkåret om regelmessig nattarbeid er til stades.

Nemnda har etter dette kome til at den må avvise saka.

### **Konklusjon**

Saka vert avvist.

Tvisteløysingsnemnda

Anne Marie Due  
leiar

Oslo, 20.10.2015

**Til orientering:**

Tvist om førerett for deltidstilsette kan bringast inn for domstolane etter at tvisteløysingsnemndas vedtak føreligg, jf arbeidsmiljøloven § 17-2 andre ledd. Nemndas konklusjon står ved lag mens saka er til behandling ved domstolane. Dersom dette vil virke urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsetje ei anna mellombels ordning.

*”Frist for å bringe tvisten inn for domstolene er åtte uker fra det tidspunkt nemndas avgjørelse foreligger”, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 tredje ledd.*